



# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2019

Teatersjefens årsmelding	<b>6</b>
Resultatrekneskap	<b>18</b>
Balanse	<b>20</b>
Notar	<b>24</b>
Revisors beretning	<b>32</b>
Statistikk	<b>34</b>
Nøkkeltal	<b>35</b>
Økonomisk resultat	<b>35</b>
Repertoar	<b>38</b>
Tilsette	<b>40</b>
Styret	<b>42</b>
Representasjon	<b>42</b>

Framsídebilete:  
Utgjevar:  
Ansvarleg utgjevar:  
Redaksjon:  
Uformings:

Magi- og fantasiooperatørene Foto Tingh  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Kristian Lykkeslet Strømskag  
Kristian Lykkeslet Strømskag, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth



Jøje meg, her gikk det unna gitt!  
Sporvognen tordnet fram og sporene sitter der ennå.  
ROMSDALS BUDSTIKKE

## SPORVOGN TIL BEGJÆR

av Tennessee Williams

Oversatt av Leif Schiødt-Helgeland  
Regi Uwe Cramer  
Scenografi og kostyme Thomas  
Bjørnager  
Lysdesign Steinar Lohne

Med Sara Fellman, Bjørnar Lisether  
Teigen, Johanna Mørck, Line Brå  
Johansen, Lars Melsæter Rydjord,  
Hugo Mikal Skår, Daniel Karlsson,  
Leif Terje Bergseth, Eva  
Dyrhaug/Kristin Tangvik

Premiere 4. mai 2019  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyninger: 11  
Publikum: 1 091

## EN HANDELS- REISENDES DØD

av Arthur Miller

Oversetelse **Michael Evas**  
Regi **Christoffer Berdal**  
Scenografi og kostymedesign **Thomas Bjørnager**  
Lysdesign **Finn Landsberg**

Med **Per Egil Aske, Johanna Mørck, Lars Melsæter Rydjord, Kasper Skovli Botnen, Terje Hartviksen, Bjørnar Lisether Teigen, Hugo Mikal Skår, Sara Fellman**

Premiere 11. januar 2019  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar 17  
Públikum: 2 278





**Aske gir et vart og samtidig kraftfullt bilde av en plaget mann. I denne versjonen så er Per Egil Aske en formidabel Loman, en mann som vipper på kanten mellom virkelighet og galskap.**

ROMSDALS BUDSTIKKE



# TEATERSJEFENS ÅRSRAPPORT 2019

2019 var eit viktig år for Teatret Vårt både kunstnarleg og organizerisk. Teatret fekk både ny teatersjef og ny kunstnarleg leiar. Thomas Bjørnager programmerte repertoaret for våren og avslutta med det sitt åremål på 7,5 år. Samstundes gjekk også Cecilie Lundsholt av som kunstnarleg leiar for avdelinga i Ålesund. Lundsholt programmerte heile året 2019. Kristian Lykkeslet Strømskag tok over som teatersjef frå hausten. Vera Krohn Svaleng byrja som ny kunstnarleg leiar i Ålesund 1. oktober. Med så store organizeriske endringar i leiinga ved Teatret Vårt, har mykje av året vore prega av nye tankar, rutinar og arbeidsformer. Med årets slutt må vi kunne konkludere med at desse endringane har gått utan store utfordringar. Grunnen til at prosessen har vore smertefri, må i stor grad tilleggast teatrets administrasjon og andre tilsette. Det er med stor glede vi kan sjå tilbake og peike på at Teatret Vårt er eit svært veldrive hus som har erfaring og rutinar til både å handtere sjefskifte, og repertoar og visjonar frå fire ulike kunstnarlege leiarar og ikkje minst klare å halde fokus oppe på hovuddrifta vår, nemleg framsyningane og møte med publikum.

Året 2019 har vore eit svært godt år for teatret både med tanke på publikumsoppslutning og ikkje minst det kunstnarlege ambisjonsnivået. Vi har laga gode og til-

dels svært gode framsyningar til alle aldersgrupper og til heile fylket. Repertoaret har vore allsidig i tematikk, formspråk og publikumskontakt. Vi har vore ambisiøse og har laga framsyningar som ikkje står tilbake for anna scenekunst i landet. Teatermeldarar, Heddajury og kollegaer har vore tilstades og gitt gode tilbakemeldingar. Det er ein god peikepinn og anerkjening av at vi er med i toppsjiktet i teater-Norge. Der skal vi framleis vere. Det er kvalitet som er målestokken for det vi driv med, og det er viktig å minne oss sjølv på at det berre kvalitet som kan forsvare vår framtidige eksistens. På kvalitet og ambisjonar skal vi vere kompromisslause.

Det er med stor glede og stoltheit at vi kan seie at vi har levert på ambisjonane vi har satt oss for 2019;

- Vi skal gi publikum eit rikt og variert tilbod i hele Møre og Romsdal.
- Vi skal presentere historier som angår oss og skape nye forteljingar om verden og tida vi lever i.
- Vi skal streve etter lokal tilhøyrslle.
- Vi skal kommentere og kritisere det som skjer rundt oss i samfunnet, til å skape både diskusjon og dialog.

- Vi skal vere eit av dei føretrekte teatera for unge skodespelarar og kunstnarar å søke seg til.
- Vi skal opprethalde vår turneaktivitet.

Vi har produsert 8 eigne produksjonar i 2019. Vi har hatt eit høgt aktivitetsnivå, men vi har samstundes klart å halde fokus på både ressursutnytting og kapasitet i organisasjonen. Vi meiner at vi har klart å balansere desse omsyna godt.

Vi tek gjerne vår del av æra for at Molde kommune er inne på ein nasjonal 9. plass i Telemarkforskning sin kulturindeks. Vi ser at Molde kommune er på fyrste plassen nasjonalt, målt på framsyningar per innbyggjar i kommunen, og gler oss over vårt bidrag til denne statistikken.

Teatret Vårt auka publikumstalet for 2019. I alt 35 776 publikummarar besøkte dei 447 framsyningane og arrangementa som blei framført på dei faste spelestadane og på turne. Rekneskapen for 2019 viser eit overskot på kr 877 900 og det bekreftar at vi lykkes med utgiftskontroll og effektiv ressursutnytting. Eigenkapitalen vår er no på 5 949 851 kroner, eit nivå som gjev tryggleik i forhold til ei årleg omsettning på i overkant av 58 millionar kroner.

Kunstnarleg sett er vi veldig stolte over 2019.

Arthur Miller sitt stykke **En handelsreisendes død** med Per Egil Aske i hovudrolla var vårens hovedproduksjon. I Christoffer Berdal sin regi tok framsyninga eit oppgjer med den amerikanske draumen og samla 2278 publikum på sine 17 framsyningar. Romsdals Budstikke trilla terningen til 5: «I denne versjonen så er Per Egil Aske en formidabel Loman, en mann som vipper på kanten mellom virkelighet og galskap.»

Vårens andre premiere vart ein verdsberømt trikketur til draumane sin endestasjon, **Sporvogn til begjær** av Tennessee Williams. Uwe Cramer var tilbake på Teatret Vårt og fekk jobbe med vårt kjerneensemble pluss gjesteskodespelarar. Det vart ei intens og medrivande framsyning med gode skodespelarprestasjoner. Terningkast 6 frå Budstikka: «Jøje meg, her gikk det unna gitt! Sporvognen tordnet fram og sporene sitter der ennå».

Første premiere i Ålesund var **En folkefiende**. Her var ønsket å gjera Ibsenklassikaren tilgjengeleg til ungdom. I regien til Philipp Stengele vart stykket sin tematikk spissa til 2019: Korleis takle dagens samfunnsproblem når vi ikkje lengre kan snakke, lytte og diskutera med kvarandre? Klassekampen skreiv: «Humoristisk og komprimert.» En folkefiende spela for ung-

domsskular og vidaregåande skular og fekk eit publikumstal på 5 751 delt på 61 framsyningar.

**Mio, min Mio**, som vart produsert saman med Nordland Teater i 2018, hadde ei ny speleperiode i 2019. Det vart fleire ekstraframsyningar i mai i Molde, og den gjesta også Heddadagane i Oslo med svært god respons. Framsyninga **Lars er LOL** – som hadde premiere i 2018 - vart sett av 3 295 på dei 30 framsyningane som vart framførd for mellomtrinnet på barneskular i 2019. Både En folkefiende og Lars er LOL reiste på skuleturné i Møre og Romsdal som ein del av Den kulturelle skolesekken.

Den sjølvbiografiske dagbokromanen **Evig søndag** av Linnéa Myhre vart iscenesett i ein samproduksjon med Den Nationale Scene. Dette var haustens første premiere og den første framsyninga i Kristian Lykkeslet Strømskag sitt åremål. Aleine på scena trakk skodespelar Stine Robin Eskildsen 2 478 menneske inn i teatersalen på dei 34 framsyningane som vart spela i Møre og Romsdal. Ewig søndag vart både ein modig versjon og kunstnarleg seier, formspråket var dristig og direkte, og det kommuniserte svært godt med ungdomar. Det må i stor grad tilleggjast Stine Robin Eskildsen, regissør Kristina Kjeldsberg og scenograf Mari Watn. «Stine Robin

Eskildsen! Du verden, for en forestilling!», terningkast 6, Romsdals Budstikke.

**Romeo & Julie** vart den teatereksplosjonen om det sinnessjuke vi kallar kjærleik som vi ønska oss. Ved å velge eit ungt, friskt og nyutdanna kunstnarleg team, så fekk både teatret og publikum møte ei kompromisslaus og ambisiøs teaterform som insisterer på emosjonane i teaterrommet. Regien var ved Simen Formo Hay, scenografi/video ved Eilif Fjeld Teisbo og kostymer ved Alva Brosten. Vi lyktes godt med å nå nyt publikum på turne og er stolte over at både huset, skodespelarane og publikum er modige og strekkjer seg. Teater skal utfordre det vi trudde frå før, det klarte Romeo og Julie på ein leiken og god måte. «Blåser deg av banen», terningkast 5, Sunnmørsposten. «Teatret Vårt sin oppsetning av «Romeo og Julie» er så til de grader nyskapende. Forestillingen snur opp ned på det meste av det de fleste av oss tenker om teater». Som ein hyggeleg ekstraeffekt utløyste Romeo & Julie den første teaterdebatten på aldri så lenge i lokalavisa. Anmeldar frå Romsdals Budstikke fekk to tilsvær og diskusjonen held fram på sosiale medier. Romeo & Julie vart en snakkis.

**Magi- og fantasioperatørene** – ein eksplosjon i magi og moro – var første

gong Teatret Vårt presenterte improteater for barn. Og det ga meirsmak både for oss og publikum. Dette var ein samproduksjon med Det Andre Teatret i Oslo, og det var stor stas å ønske dei lokale aktørane Mats Eldøen (regi) og Preben Rongve (skodespelar) tilbake til Teatret Vårt. Det lokale nærværet på scena og dialekta er eit grep som ikkje skal undervurderast. Attkjenning er viktig. Magi- og fantasioperatørene vart ein leiken, overraskande og veldreia framstilling, som både vi og publikum vart svært glade i. Terningkast 5 i Budstikka: «Medrivende fantasioperatører».

Tradisjonen tro laga vi julebordkomedie før jul. Julekomedien **God jul, nabo!** viste oss at det er mykje god terapi i ein heftig nabokrangel. Denne gongen brukte vi det danske manuset Dagens rett som utgangspunkt, men laga vår heilt eigen lokale versjon. Bearbeiding og regi var ved Bjørnar Teigen. Det vart ein stor publikums-suksess og vi er glade for at så mange kombinerer julebord på Kafe Kurt med teater også i 2019. «Dette anbefales for de som vil ha et enkelt pusterom å le i før jul. Til å bli veldig glad il», terningkast 5, Romsdals Budstikke.

2019 vart avslutta med familieframstillinga **Snødronningen** av H. C. Andersen, som vart besøkt av 3 980 delt på 38 framstilling-

gar. Framstillinga var ei ambisiøs og stor satsing for teatret. Vi lykkast med å lage ein teknisk storproduksjon for barn, og vi er veldig glade for at vi endeleg kunne besøke alle turnéstadane våre med ei juleframstilling for heile familien. Snødronningen var svært godt besøkt på turne og i Molde. Ei barneframstilling frå Teatret Vårt før jul er no blitt ein godt etablert tradisjon hos publikum og no også på turne. Sunnmørsposten og Romsdals Budstikke trilla terningen til fem.

I mars 2019 arrangerte vi for 10. gong **Teaterfest** i samarbeid med Teatrets Venner og presenterte seks særslig gjestespel.

**Grønlandsütraen** (Fredrik Høyler), **Helt hekta** (Riksteatret), **1980 – Aker Brygge** (Statteatret), **Gratulerer** (Else Kåss Furuseth), **Operahistorien på 60 minutter - hvis vi rekker det** (Andersen/Mohn, Askeland, Aasen), **Plutselig** (Beatur og Taro) og **Fiskestang?** En slampoesi-konsert (Evelyn Rasmussen Osazuwa, Olve Flakne) besøkte Teatret Vårt på heimescena i Molde. I tillegg spelte også vår eigen produksjon Inn i det ukjente og vi hadde ei rekke Opplev meir – arrangement. Den tiande teaterfesten var på alle måtar særdeles vellukka både i høve til program, publikumsbesøk og økonomi.

Vi har oppretthalde vår turneaktivitet og skapt ei rekke aktivitetar i tillegg til fram- syningane våre. Debattar, foredrag og kunstnarmøter har underbygd opplevingane i teatersalen og har gjort framsyningane og spelestadane til levande møter. Vi har framleis to faste arenaer. Plassen i Molde og Arbeideren i Ålesund. Leiinga, teknikarane våre og sals- og marknadsavdelinga reiser difor jamt fram og tilbake. Det er vår oppleveling at vi i 2019 har greidd å binde saman desse to avdelingane tettare. Vi har halde fram å turnere i heile Møre og Romsdal. Vi har eit godt samarbeid med arrangørane våre og har to årlege arrangørdagar med dialogmøter, fagleg påfyll og orientering om repertoaret.

Samarbeid med dei andre institusjonane på Plassen er eit gode, og her er det framleis potensiale til meir. Teatret Vårt har som den største aksjonæren i fellesskapet teke rolla som storebror, og teatret sine teknikrar og utstyrsparken vår blir brukt av dei andre institusjonane i tilknyting til publikumsarrangement. Teatret tek på seg administrative oppgåver for kulturbygget og koordinerer både kunstnarleg- og teknisk drift. Fleire private leietakrar brukte våre fasilitetar gjennom året.

## AVDELING SCENEKUNST FOR BARN OG UNGE

Vi vurderer etableringa av avdeling scene- kunst for barn og unge som ein stor suksess, både kunstnarleg utforskande og publikumsutviklande. Avdelinga har i si korte levetid etablert eit renommé som ei progressiv scene for unge tilskodarar, som tar barns kvardag på alvor. Framsyningane og nærværet har på kort tid ført til stor lokal iver og eit nasjonalt omdøme. I 2019 vart framsyninga Mio min Mio tildelt Hedda-prisen for beste barneteater.

Det er viktig å gje alle målgrupper eit kontinuerleg tilbod, og som det einaste regionteatret i Noreg som har vald ei tung satsing på barn og unge frå 0-15 år, er det ei viktig oppgåve å bygge kompetanse. Vi har som ei målsetting å vere attraktive samarbeidspartnarar lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Vi held fram det europeiske nettverks- samarbeidet som no har namnet PlayOn, og fokuserer på bruk av ny teknologi og den digitale kvardagen barn og ungdom. Vi har forplikta oss til å skape ei rekke samproduksjonar med fleire av dei 9 europeiske teatra i nettverket, og arbeider saman med universitetet og forskningsmiljø som også deltek i nettverket.

Avdelinga scenekunst for barn og unge har base i Arbeideren, eit gammalt bygg i jugendstil frå 1906. Utfordringane med eit freda bygg er noko vi skal takle i tida framover. Vi ønsker å ta neste steg for avdelinga når det gjeld fasiliteter og logistikk. Vi har enno ikkje gitt opp tanken om ei eiga scene i samarbeid med Kulturskulen og Fagerlia vidaregåande skule.

Teatret Vårt har gjennom avdelinga for barn og unge produsert eit viktig tilbod til barn og ungdom, men enno er ikkje potensialet til avdelinga fullt ut nytta. Derfor vil vi fortsette arbeidet med å styrke finansieringsramma i dei kommande åra.

I 2019 har vi produsert 3 eigne produksjonar. Det vil vere år med meir aktivitet og år med mindre, men antall produksjonar ligg no innafor rammene av det vi kan handtere logistisk og økonomisk.


Avdelinga har både levert gode tilbod til den kulturelle skulesekken, samtidig med at vi har produksjonar med brei appell som kan klare seg på eigahand i ope sal. Dialogen med DKS i Møre og Romsdal er no betre enn på lenge og vi har forventningar til eit føreseieleg og langsigkt samarbeid.

## OPPSUMMERING

Alt i alt kan Teatret Vårt vere utruleg stolte av resultata i 2019. I tillegg til kjerneaktiviteten vår; å produsere kvalitetsteater for alle aldrar, har vi gjenomført ei rekke publikumsutviklande aktivitetar med stor oppslutning frå publikum. Vi lager kvalitetsframsyningar til publikum i alle aldrar og til små og store turnestader; bredda i tilbodet vi presenterer er noko alle på Teatret Vårt kan vere stolte av. Med den dedikerte støtta frå våre store venneforeininger, teatervertar og arrangørar, klarer vi å gjere Teatret Vårt til eit inkluderande, modig og moderne teater som rekjer handa ut mot publikum i heile Møre og Romsdal.

Eg vil gjerne nytte høvet til å takke alle tilsette på Teatret Vårt og styret for den store felles innsatsen i 2019. I tillegg ønskjer eg å takke Thomas Bjørnager og Cecilie Lundsholt for arbeidet dei har lagt ned for Teatret Vårt gjennom fleire år.

**Kristian Lykkeslet Strømskag**  
teatersjef



**Stine Robin Eskildsen!**  
**Du verden, for en forestilling!**  
ROMSDALS BUDSTIKKE



## EVIG SØNDAG

av **Linnéa Myhre**  
Dramatisert av **Mari Moen**  
Oversettelse **Grete Kleppen**

Regi **Kristina Kjeldsberg**  
Scenografi og kostyme **Mari Watn**  
Komponist og lyddesign **Andreas Catjar**  
Lysdesign **Steinar Lohne**

Med **Stine Robin Eskildsen**  
Première 28. august 2019  
på Teatret Vårt, Molde

Samproduksjonen med **Den Nationale Scene**

Framsynigar: 25  
Publikum: 1 776



**Blåser deg av banen**  
**SUNNMØRSPOSTEN**



## ROMEO & JULIE

av William Shakespeare

Oversatt og bearbeidet av  
**Simen Formo Hay**

Regi **Simen Formo Hay**

Scenografi og lysdesign

**Eilif Fjeld Teisbo**

Lyddesign **Simen Formo Hay** og

**Eilif Fjeld Teisbo**

Kostyme **Alva Walderhaug Brosten**

Scenografi- og kostymeassistent

**Stina Molander Skavløn**

Med **Sara Fellman, Thea Lambrechts**,  
**Vaulen, Bjørnar Lisether Teigen,**  
**Patrik Stenseth, Lars Melsæter**,  
**Rydjord, Johanna Mørch**

Premiere 25. september 2019 på  
Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsynningar: 17  
Publikum: 1 186





**Styggmoro nabokrangel**  
ROMSDALS BUDSTIKKE

## GOD JUL, NABO!

av Lærke Sanderhoff  
Oversatt av **Bjørnar Lisether Teigen**

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**  
Scenograf og kostyme **Mari Watn**  
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**  
Musikalisk konsulent **Jonas Høgsæth**

Med **Patrik Asplund Stenseth, Sara Fellman** og **Lars Melsæter Rydjord**

Premiere 20. november 2019 på Teatret  
Vårt.

Framsyningar: 13  
Publikum: 1 514

# RESULTATREKNEKAP

	NOTE	2019	2018
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Billett- og programsal		2 630 242	2 882 753
Sal Kafé Kurt		3 612 404	3 907 104
Offentlege tilskott		48 451 837	47 506 754
Anna driftstilskott		3 873 999	4 814 970
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>58 568 483</b>	<b>59 111 581</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		1 396 353	1 346 758
Lønnskostnadar inkl sos.kost.	2	31 372 844	32 680 869
Materialkostnader		1 202 111	1 156 983
Sal- og informasjonskostnader		1 214 081	1 542 736
Kostnadar vedrørende lokale		10 497 902	9 658 752
Uttstyrskostnadar		376 701	510 311
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	852 019	867 554
Annen driftskostnad	2	10 942 126	12 408 689
<b>Sum driftskostnadar</b>		<b>57 854 137</b>	<b>60 172 651</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>714 346</b>	<b>-1 061 070</b>
<b>FINANSINNTEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		57 156	65 887
Anna finansinntekt		179 347	244 944
Anna rentekostnad		1 477	2 624
Anna finanskosnad		71 472	112 997
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>163 554</b>	<b>195 210</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>877 900</b>	<b>-865 860</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>877 900</b>	<b>-865 860</b>
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til anna eigenkapital	4	877 900	0
Overført frå anna eigenkapital		0	865 860
<b>Sum overføringer</b>		<b>877 900</b>	<b>-865 860</b>



## Fullkommen LOL

ROMSDALS BUDSTIKKE



### LARS ER LOL

Av Iben Akerlie

Dramatisert av **Elisabet Topp**

Regi **Elisabet Topp**

Scenografi og kostymedesign

**Camilla Wexels Riser**

Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Komponist **Bjørnar Myhr**

Lyddesign **Jonas Høgseth**

Medvirkende **Line Brå Johansen**

Première 10. november 2018 på Teatret

Vårt, Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsynigar: 30

Publikum: 3 295

Framsynigar: 29 (2018)

Publikum: 1 958 (2018)

# BALANSE

## EIENDELAR

### ANLEGGSMIDLAR

#### Varige driftsmidler

Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	2 597 187	3 233 455
<b>Sum varige anleggsmidler</b>	<b>3 233 455</b>	

#### Finansielle anleggsmidler

Investeringer i tilknytta selskap	7	426 000	426 000
Investeringar i aksjar og andelar	7	41 000	41 000
Andre langsiktige fordringar	7	1 409 583	1 239 812
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 876 583</b>	<b>1 706 812</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>4 473 769</b>	<b>4 940 268</b>

### OMLØPSMIDLAR

#### Varar

Lager av varar og anna beholdning		155 550	199 682
<b>Sum varar</b>		<b>155 550</b>	<b>199 682</b>

#### Fordringar

Kundefordringar	7	4 594 675	4 484 916
Andre kortsiktige fordringar	8	823 959	1 827 951
<b>Sum fordringar</b>		<b>5 418 635</b>	<b>6 312 866</b>

Bankinnskott, kontantar o.l.	6	6 202 899	4 717 627
<b>Sum bankinnskott, kontantar o.l.</b>		<b>6 202 899</b>	<b>4 717 627</b>

<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>11 777 074</b>	<b>11 230 175</b>
-------------------------	--	-------------------	-------------------

<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>16 250 843</b>	<b>16 170 443</b>
-----------------------	--	-------------------	-------------------

NOTE

2019

2018

# BALANSE

## EIGENKAPITAL OG GJELD

NOTE

2019

2018

### EIGENKAPITAL

#### Innskott eigenkapital

Aksjekapital	4, 5	600 000	600 000
<b>Sum innskott eienkapital</b>		<b>600 000</b>	<b>600 000</b>

#### Opprett eigenkapital

Anna eigenkapital	4	5 349 851	4 471 950
<b>Sum opprett eigenkapital</b>		<b>5 349 851</b>	<b>4 447 950</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>5 349 851</b>	<b>5 071 950</b>

### GJELD

Andre avsetninger for forpliktelser		663 470	1 084 280
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>663 470</b>	<b>1 084 280</b>

#### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	7	967 174	780 291
Skuldig offentlege avgiftar		2 122 420	2 547 810
Anna kortsiktig gjeld	8	6 547 928	6 686 112
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>9 637 523</b>	<b>10 014 213</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>10 300 992</b>	<b>11 098 492</b>

**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** **16 250 843** **16 170 443**

Molde 13. mai 2020

*Leon Jarle Aurdal*  
Leon Jarle Aurdal  
styreleiar

*Einar Hernborg*  
Einar Hernborg  
nestleiar

*Oskar Skulstad*  
Oskar Skulstad  
styremedlem

*Janne Kvamme*  
Janne Petrine Kvamme  
styremedlem

*Jonas Poul Aspenberg Fuglseth*  
Jonas Poul Aspenberg Fuglseth

*Marit Ingvild Aas*  
Marit Ingvild Aas  
styremedlem

*Heidi Karin Nakken*  
Heidi Karin Nakken  
styremedlem

*Kristian Lykkeslet Strømskag*  
Kristian Lykkeslet Strømskag  
daglig leder





Når livet trylles inn i eventyret  
SUNNMØRSPOSTEN



## SNØDRONNINGEN

Av H. C. Andersen

Dramatisering og regi  
**Martin Lothington**

Dramaturg **Cecilie Lundholdt**

Scenograf og kostymedesigner  
**Signe Gerda Landfald**

Kunstnerisk konsulent for design og  
konseptutvikling **Mari Ulland**

Komponist **Julian Skar**

Maske **Anita Jacobsen Marø**

Videodesign **Jon Marius Nilsson**

Dukkemaker **Kari Noreger**

Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**

Med **Karin Stautland, Mathias  
Augestad Ambjør, Amalie Sofie  
Ibsen Jensen**

Première 25. oktober 2019 på  
Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsynningar: 38  
Publikum: 3 980

# NOTAR

## NOTE 1

### REGNSKAPSPrINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatført etter kvar einskildt framsyning. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til virkelig verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventet økonomisk levetid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til anskaffelseskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

Selskapet driv kafe. Denne er skattepliktig, medan den øvrige drifta er friteken for beskatting.

## NOTE 2

### LØNSKOSTNADAR

	2019	2018
Løningar	23 615 304	24 828 672
Folketrygdavgift	3 710 142	3 941 811
Pensjonskostnader	3 673 357	3 551 292
Andre lønskostnader	374 041	359 094
<b>Sum</b>	<b>31 372 844</b>	<b>32 680 869</b>

Gjennomsnittleg  
tal på ansatte

42

42

Ytelsar til leiande personar:

	Teatersjef	Styret
Løn	1 107 006	
Styrehonorar		227 400
Anna godtgjersle	33 497	

Løn teatersjef gjeld både avgått teatersjef og nytilsett teatersjef.

Kostnad til revisor kr. 51 225,- til pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 12 000,- og anna bistand kr 7 025,-. Tal er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktselen er ikkje balanseført.

**NOTE 3**  
**VARIGE DRIFTSMIDLER**

	Bilar	Maskiner, inventar	Webside	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	2 299 528	9 246 099	262 323	11 807 950
Tilgang i løpet av året		215 751	0	215 751
Avgang i løpet av året				
Akkumulerte avskrivninger	- 1 775 440	- 7 587 399	-63 675	-9 426 514
Bokført verdi 31.12.	524 088	1 874 451	198 648	2 597 187
Årets avskrivninger	138 246	681 936	31 837	852 019
Avskr.tid	10 år	10 år	3 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

## **NOTE 4 EIGENKAPITAL**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	600 000	4 471 951	5 071 951
Årsresultat		877 900	877 900
Eigenkapital pr. 31.12.	600 000	5 349 851	5 949 851

## **NOTE 5**

### **TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.**

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærarar er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag,		
Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%

## **NOTE 6**

### **BUNDNE MIDLAR**

Av selskapets bankinnskot utgjer bundne skattetrekksmidlar kr 1 053 300.

## **NOTE 7**

### **FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR**

	2019	2018
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde Sentrum AS	3 000	3 000
Molde Kulturbrygg AS	426 000	426 000
Eigenkapitalinnskudd KLP	745 687	745 687
Innskuddsfond	424 290	244 944
Sum	1 636 977	1 457 631

### Tilknytta selskap

Selskapet har eigarandel i fylgjande selskap:	Forretnings- kontor	Eigarandel	Selskapets eigenkapital	Selskapets resultat
Molde Kulturbrygg AS	Molde	43%	-7 975 115	616 523
Mellomværande med tilknytta selskap				
	2019	2018		
Kundefordring	58 470	340 955		
Leverandørgjeld	61 904	12 362		

### NOTE 8

### PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2019 som er aktivert og vil bli rekneskapsført på år 2020 er:

Påløpne kostnader på eigne framsyningar 2020	533 850
Periodiserte forsikring	79 867
Andre periodiserte driftskostnader	38 760

Forskottsbetalte inntekter/påløpne kostnadar som er avsatt:

Billettsal for Riksteatret og andre	103 177
Opprente inntekter Teatrets vene/Ålesund teatervener	443 737
Sal gåvekort	101 288
Gåvefond	30 000
Biletsal framsyning 2020/forskottsbetalt inntekt	445 162
Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune	2 080 800
Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune tilsvarande 5 månader i 2012	876 633

## **NOTE 9**

### **HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN**

#### **Koronasituasjonen**

Helsedirektoratet bestemte den 12. mars 2020 forbod mot og stenging av alle kulturarrangement. Dato for oppheving av forboden er ikke satt. Faglege vurderingar av smittesituasjonen gir indikasjonar på at dette kan komme til å halde fram i fleire månader.

Vi er opptatt av å sikre verksemdas økonomiske stilling og det overordna ansvaret for forsvarleg drift og sysselsetting av tilsette.

Med vårt ansvar som eit turnérande regionteater for Møre og Romsdal fylke følger det med årlege kommunale, regionale og statlege tilskott for å sikre vår kunstnarlege verksemd. Desse tilskotta er bekrefta uendra for inneverande år.

Vi har utsett vårens planlagde kunstnarlege aktivitet til hausten 2020/våren 2021 og såg det som naudsynt å stoppe vår kaféverksemd.

Med dei endringane vi har gjort i vår aktivitet meiner vi at denne situasjonen ikke har hatt vesentlege negativ betydning for Teatret Vårt si stilling og resultatet i perioden mellom balansedagen og tidspunktet for framlegging av årsrekneskapen for styre og våre eigara. Sjølv om denne hendinga gjer det særskileg for vår kunstnarlege verksemd, ser vi ikke at dette har skapt vesentleg uvisse om evna vår til framleis drift. Årsrekneskapen er derfor avgjort under føresetnad om framleis drift.



**...en fantastisk opplevelse**  
ROMSDALS BUDSTIKKE



**Magiske, mytiske, Mio**  
SUNNMØRSPOSTEN



## MIO, MIN MIO

av Astrid Lindgren

Dramatisering og regi  
**Hilde Brinchmann**

Scenografi **Paul Garbers**  
Kostyme- og maskedesign

**Helena Andersson**

Lysdesigner **Jonas P A Fuglseth**  
Komponist **Eirik Myhr**

Med Iver Innset, Amalie Sofie  
**Ibsen Jensen**, Dagniinn Tutturen  
og **Rune Storsæther Løding**

Premiere 20. september 2018  
på Teatret Vårt, Molde.

Samproduksjon med Nordland Teater

Framsyningar: 40 (2018)  
Publikum: 3 223 (2018)  
Framsyningar: 16 (2019)  
Publikum: 1 082 (2019)

**Humoristisk og komprimert.**  
KLASSEKAMPEN

**Avkledde hersketeknikker.**  
NORSK SHAKESPEARETIDSSKRIFT





## EN FOLKEFIENDE

av Henrik Ibsen

Bearbeidet av **Philipp Stengel** i samarbeid med ensemblet, **Linn Pettersen** og **Cecilie Lundsholt**

Regi og konsept **Philipp Stengel**  
Scenograf og kostymedesigner  
**Freya Busby**  
Koreografi scenekamp **Inga-Live Kippersund**

Med **Inga-Live Kippersund, Hedda Sandvig, Elisabet Topp**

Première 26. januar 2019 på Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 61  
Publikum: 5 751



BDO AS  
Nelsonsbed  
Serviceboks 15  
6405 Molde

## Uavhengig revisors beretning

Til generalforsamlingen i Molde Kulturbrygg AS

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til Molde Kulturbrygg AS.

##### Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2019
- Resultatregnskap for 2019
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

##### Etter vår mening:

Er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2019 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisionsbevis tilstrekkelig og hensiktmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av mistigheter eller utilskiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

#### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av mistigheter eller utilskiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en hoy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av mistigheter eller utilskiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.



For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

### Uttalelse om andre lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISA) 3000 –Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenket revisorkontroll av historisk finansiell informasjon-, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Molde, 28.april 2020

BDO AS

Jan Inge Torset

registrert revisor

## STØTTA AV



## GENERALSPONSOR



## HOVUDSPONSORAR



Møre og Romsdal  
Budstifte

**Scandic**  
ALEXANDRA MOLDE

Sunnmørsposten

nortel

# STATISTIKK 2019

<b>Eigenproduksjonar</b>	<b>Framsyningar</b>	<b>Publikum</b>	<b>Samproduksjonar</b>	<b>Framsyningar</b>	<b>Publikum</b>
En handelsreisendes død	17	2278	<b>Gjestespel</b>		
En folkefiende	61	5751	Den fantastiske Mikkel Rev	2	200
Da e va lita	4	252	Reveenka	2	111
Alle fantastiske ting	4	59	Ingen er homo i 2. divisjon	2	244
Magi og Fantasioperatørene	30	1768	Pannekaka og de tre små griser	2	115
Sporvogn til begjær	11	1091	Over stokk og stein	4	152
Daisy Detektiv tar saken	2	65	Fuglane	1	207
Romeo & Julie	17	1186	Grønlandsütraen	1	117
Snødronningen	38	3980	Helt hektå	1	141
Festkveld for Thomas	1	140	1980-Aker Brygge	1	210
Inn i det ukjente	17	191	Gratulerer	2	589
Midt i livet 3	6	260	Operahistorien på 60 minutter	2	152
God jul, nabol!	13	1514	Plutselig	2	52
Quiz	6	307	Tøys og fjas og jug og sant	2	85
Repertoarpresentasjon	1	25	Fiskestang?	1	72
Mellom togene	1	120	Mot natt	1	85
Snøfnugg	5	179	Bukkene Bruse lager rumpebrann	2	370
Lars er LOL	30	3295	Know Hows	1	81
Lunsj og lyrikk	22	1124	Lekene slår tilbake	2	60
Daytrippers	5	548	Havboka	1	202
Formidlingsaktivitet	57	2490	Translyria	2	75
<b>SUM EIGENPRODUKSJONAR</b>	<b>348</b>	<b>26 623</b>	Prinsessen på erten	3	54
<b>Samproduksjonar</b>	<b>Framsyningar</b>	<b>Publikum</b>	Svar på brev frå Helga	1	193
Evig søndag	25	1776	Jungelboken	2	373
Den Unge Scene	4	158	LIV	1	220
VaksenDisco	3	576	Romeo og Julie (Riksteateret)	1	99
Mio min Mio	16	1082	Lulla	3	57
Improkveld	1	197	<b>SUM GJESTESPEL</b>	<b>45</b>	<b>4 316</b>
I begynnelsen var ordet	5	305	<b>SUM TOTALT</b>	<b>447</b>	<b>36 930</b>
<b>SUM SAMPRODUKSJONAR</b>	<b>54</b>	<b>4 094</b>			

## NØKKELTAL

Publikum	34 200
Framsyningar	509
Billettinntekter	2 882 753
Tilskott for DKS turnéar	726 499
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	105,5
Kulturdepartementet	30 550 000
Kulturdepartementet (husleige)	2 705 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	6 546 000
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 104 000
Molde kommune	546 1000
Ålesund kommune	1 086 000
<b>Samla tilskott</b>	<b>48 452 000</b>

## ØKONOMISK RESULTAT

	2019	2018	2017
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	2,6	2,9	1,7
Kafé	3,6	3,9	3,8
Anna	3,9	4,8	3,0
Tilskott	48,5	47,5	46,7
Sum	58,6	59,1	55,2
<u>Kostnader</u>			
Drift	57,2	60,1	55,7
Finansk.	0,2	0	0
Ekstraord.	0	0	0
Sum	57,7	60,1	55,7
Resultat	0,9	-0,9	-0,5
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	6,0	5,1	6,0



## Medrivende fantasioperatører

ROMSDALS BUDSTIKKE

### MAGI- OG FANTASIOOPERATØRENE

Konsept og regi **Mats Eldøen**

Scenograf og kostymedesigner

**Monica Valsø**

Lysdesign **Henrik Stoltz Vernegg**

Lysimproviser **Roy Carlsen**

Lydimproviser **Kristin Boge**

Masker **Anita Jacobsen Marø**

Med **Kristine Grændsen, Preben Lillebø Rongve, Olli Wermskog**

Co-produksjon **Det Andre Teatret**

Première 14. september 2019 på  
Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 30  
Publikum: 1 768



# REPERTOAR 2019



## MIO, MIN MIO

av Astrid Lindgren

Dramatisering og regi  
**Hilde Brinchmann**  
Scenografi **Paul Garbers**  
Kostyme- og maskedesign  
**Helena Andersson**  
Lysdesigner **Jonas P A Fuglseth**  
Komponist **Eirik Myhr**

Med **Iver Innset, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Dagfinn Tutturen og Rune Storsæther Løding**

Premiere 20. september 2018

Samproduksjon med  
**Nordland Teater**

Framsyningar: 16  
Publikum: 1 082



## LARS ER LOL


av Iben Akerlie  
Dramatisert av  
**Elisabet Topp**

Regi **Elisabet Topp**  
Scenografi og kostymedesign  
**Camilla Wexels Riser**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**  
Komponist **Bjørnar Myhr**  
Lyddesign **Jonas Høgseth**

Medvirkende **Line Brå Johansen**

Premiere 10. november 2018

Framsyningar: 30  
Publikum: 3 295



## EN HANDELS- REISENDES DØD

av Arthur Miller  
Oversettelse **Michael Evas**

Regi **Christoffer Berdal**  
Scenografi og kostymedesign  
**Thomas Bjørnager**  
Lysdesign **Finn Landsberg**

Med **Per Egil Aske, Johanna Mørck, Lars Melsæter Rydjord, Kasper Skovli Botnen, Terje Hartviksen, Bjørnar Lisether Teigen, Hugo Mikal Skår, Sara Fellman**

Premiere 11. januar 2019  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 17  
Publikum: 2 278



## EN FOLKEFIENDE

av Henrik Ibsen

Bearbeidet av **Philip Stengelle** i samarbeid med ensemblet, **Linn Pettersen og Cecilie Lundsholt**

Regi og konsept **Philip Stengelle**

Scenograf og kostymedesigner **Freya Busby**  
Koreografi scenekamp **Inga-Live Kippersund**

Med **Inga-Live Kippersund, Hedda Sandvig, Elisabet Topp**

Premiere 26. januar 2019 på  
Arbeideren kulturhus,  
Ålesund.

Framsyningar: 61  
Publikum: 5 751



## SPORVOGN TIL BEGJÆR

av Tennessee Williams  
Oversatt av **Leif Schiødt-Helgeland**

Regi **Uwe Cramer**  
Scenografi og kostyme  
**Thomas Bjørnager**  
Lysdesign **Steinar Lohne**

Med **Sara Fellman, Bjørnar Lisether Teigen, Johanna Mørck, Line Brå Johansen, Lars Melsæter Rydjord, Hugo Mikal Skår, Daniel Karlsson, Leif Terje Bergseth, Eva Dyrhaug/Kristin Tangvik**

Premiere 4. mai 2019  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 11  
Publikum: 1 091



## MAGI- OG FANTASI-OPERATØRENE

Konsept og regi **Mats Eldoen**

Scenograf og kostymedesigner **Monica Valsø**  
Lysdesign **Henrik Stoltz**

**Vernegg**

Lysimproviser **Roy Carlsen**  
Lydimproviser **Kristin Boge**  
Masker **Anita Jacobsen**  
**Marø**

Med **Kristine Grændsen**,  
**Preben Lillebø Rongve**,  
**Olli Wermskog**

Co-produksjon **Det Andre Teatret**

Première 14. september  
2019 på Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 30  
Publikum: 1 768

## GOD JUL, NABO!

av **Lærke Sanderhoff**  
Oversatt av **Bjørnar Lisether Teigen**

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**  
Scenograf og kostyme **Mari Wathn**  
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**  
Musikalisk konsulent **Jonas Høgseth**

Med **Patrik Asplund**  
**Stenseth, Sara Fellman og Lars Melsæter Rydjord**

Premiere 20. november 2019  
på Teatret Vårt.

Framsyningar: 13  
Publikum: 1 514

## EVIG SØNDAG

av **Linnéa Myhre**  
Dramatisert av **Mari Moen**  
Oversettelse **Grete Kleppen**

Regi **Kristina Kjeldsberg**  
Scenografi og kostyme **Mari Wathn**  
Komponist og lyddesign **Andreas Catjar**  
Lysdesign **Steinar Lohne**

Med **Stine Robin Eskildsen**

Première 28. august 2019  
på Teatret Vårt, Molde

Samproduksjonen med **Den Nationale Scene**

Framsyningar: 25  
Publikum: 1 776

## ROMEO & JULIE

av **William Shakespeare**  
Oversatt og bearbeidet av **Simen Formo Hay**

Regi **Simen Formo Hay**  
Scenografi og lyddesign **Ellif Fjeld Teisbo**  
Lyddesig **Simen Formo Hay** og **Ellif Fjeld Teisbo**  
Kostyme **Alva Walderhaug Brosten**  
Scenografi- og kostymearsistenter **Stina Molander Skavlan**

Med **Sara Fellman, Thea Lambrechts Vaulen, Bjørnar Lisether Teigen, Patrik Stenseth, Lars Melsæter Rydjord, Johanna Mørch**

Premiere 25. september  
2019 på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 17  
Publikum: 1 186

## SNØ-DRONNINGEN

av **H. C. Andersen**

Dramatisering og regi **Martin Loherington**  
Dramaturg **Cecilie Lundholdt**  
Scenograf og kostymedesigner **Signe Gerda Landfald**  
Kunstnerisk konsulent for design og konseptutvikling **Mari Ulland**  
Komponist **Julian Skar**  
Maske **Anita Jacobsen Marø**  
Videodesign **Jon Marius Nilsson**  
Dukkemaker **Kari Noreger**  
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**

Med **Karin Stautland, Mathias Augestad Ambjør, Amalie Sofie Ibsen Jensen**

Premiere 25. oktober 2019  
på Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 38  
Publikum: 3 980

# TILSETTE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Mathias Ambjør	skodespelar	(01.04.-05.05., 07.10.-22.12)
Per Egil Aske	skodespelar	(til 17.02.)
Kasper Skovli Botnen	skodespelar	(til 17.02.)
Stine Robin Eskildsen	skodespelar	(20.05.-08.12.)
Sara Fellman	skodespelar	
Kristine Grændsen	skodespelar	(19.08.-10.11.)
Terje Hartviksen	skodespelar	(til 17.02.)
Iver Innset	skodespelar	(18.05.-16.06.)
Amalie Sofie Ibsen Jensen	skodespelar	(01.04.-05.05., 07.10.-22.12.)
Line Brå Johansen	skodespelar	(til 19.05.)
Daniel Karlsson	skodespelar	(14.01-19.05)
Inga Live Kippersund	skodespelar	(30.08.-22.09., 14.10.-22.10.)
Johanna Mørck	skodespelar	
Linn Pettersen	skodespelar	(til 24.02.)
Preben Rongve	skodespelar	(19.08.-10.11.)
Lars Melsæter Rydjord	skodespelar	
Hedda Sandvig	skodespelar	(til 24.02.)
Hugo Mikal Skår	skodespelar	(til 31.07)
Karin Stautland	skodespelar	(01.04.-05.05.,07.10.-22.12.)
Patrik Asplund Stenseth	skodespelar	(frå 01.08.)
Bjørnar Lisether Teigen	skodespelar	
Elisabet Schelderup Topp	skodespelar	(01.01.-17.03., 30.08.-22.10.)
Dagfinn Tutturen	skodespelar	(18.05.-16.06.)
Thea Lambrechts Vaulen	skodespelar	(frå 01.08.)
Olli Wermskog	skodespelar	(19.08.-10.11.)

## Kafè Kurt:

Freddy Hessvik	restaurantsjef	
Mohamed Zbidi	kjøkkensjef	
Aude Chevet-Wollan	kokk/servering	(frå 20.08.)
Asta Navickiene	ekstrahjelp	
Janita Trondal	kokk	(til 30.04.)

**Teknisk**

Georgina Alexander	inspisient	
Elin Berg	leiar systova	
Freya Imogen L. Busby	rekvisitør	(frå 01.02.)
Roy Carlsen	produsent	
Christian Eskildsen	multitekniker	(05.08-01.09, 11.11-08.12)
Halvard Fiksdal	produsent	
Tina Fløystad	inspisient	(01.08.-31.12.)
Jonas P A Fuglset	multiteknikar	
Arnstein Hoem	smed/sjåfør	
Ingvar Kristensen	multiteknikar	
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Magnar Mork	multiteknikar/sjåfør	(07.10.-12.11.)
Elin Nyheim	inspisient	(perm. frå 01.08.)
Aleksandar Panayotov	snikkar/sceneteknikar	
Vilde Ingebrigtsen Pettersen	systova	
Emil Ramstad	multiteknikar	(01.01.-15.05.)
Christina Schwanitz	inspisient	(01.04.-10.11.)
Henrik S. Solberg	teknikarassistent	

**Administrasjon:**

Thomas Bjørnager	teatersjef	(til 31.07.)
Kristian Lykkeslet Strømskag	teatersjef	(frå 01.08.)
Mary Farstad	adm.konsulent	
Monica Hagset	økonomikonsulent	
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar	
Bente M. Hoflandsdal	løn- og reknesaksleiar	
Knut Lidvard Høgset	direktør	
Tiril Høgset	billettseljar	
Mathilde Håseth-Eik	billettseljar	(til 30.05.)
Vera Svaleng Krohn	kunstnerisk leiar BTV	(frå 01.08.)
Cecilie Grydeland Lundsholt	kunstnerisk leiar BTV	(til 31.07.)
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar	
Miriam Øverås Pedersen	billettseljar	
Kjersti Solenes	marknadsleiar	
Gunn Talstad	adm.sekretær	
Solveig Mordal Vågen	salsleiar	

# STYRET

## Representant frå Møre og Romsdal

### fylkeskommune:

Leon Jarle Aurdal	styreleiar
Marit Ingvild Aas	styremedlem
Heidi Nakken	styremedlem
Frøydis Austigard	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Einar Hernborg	nestleiar
Trude Nistad	varamedlem

### Representant frå Ålesund kommune:

Oskar Skulstad	styremedlem
Knut Anders Oskarson	varamedlem

## Representant frå Noregs Ungdomslag,

### Møre og Romsdal:

Janne Petrine Kvamme	styremedlem
Reidun Flatøy	varamedlem

### Representant frå dei ansatte:

Jonas PA Fuglseth	styremedlem
Johanna Mørck	1. varamedlem/observatør
Monica Hagset	2. varamedlem/observatør

# REPRESENTASJON

## Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Kristian Lykkeslet Strømskag

## Molde Kulturygg AS:

Kristian Lykkeslet Strømskag

Leon Jarle Aurdal

## Norsk Teaterlederforum:

Kristian Lykkeslet Strømskag

Knut Lidvard Høgset

## Representantskapet i stiftelsen

## Molde International Jazz Festival:

Kristian Lykkeslet Strømskag



**BARNEHAGEMYSTERIET:  
DAISY DETEKTIV  
TAR SAKEN**

av Cecile Lundsholt  
i samarbeid med ensemblet

Regi Cecile Lundsholt  
Kostymedesign Thomas Bjørnager

Med Elisabet Topp

Premiere 6. april 2018  
på Teatret Vårt.

Framsyningar: 2  
Publikum: 65

TE  
ATRE  
TVÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL  
Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)